



JOHAN ALBERT SUDMANN
FLATØYVEGEN 34
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/53 - 22/84584

Saksbehandlar:
Ole Martin Bolset
ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:
08.11.2022

Løyve til endring etter forenkla prosess av detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy. PlanID 1256 2016 0002

VEDTAK

«Alver kommune godkjenner søknad om endring etter forenkla prosess av detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, med PlanID 1256 2016 0002, slik det går fram av plankart datert 08.11.2022 og føresegner datert 08.11.2022. Vedtaket er gjort med heimel plan- og bygningslova § 12-14.»

Bakgrunn for søknad

Alver kommune ønskjer sjølv å gjennomføre ei mindre planendring etter forenkla prosess av detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, planID 1256 2016 0002. Bakgrunnen for denne planendringa er innkommen klage på nemnde detaljreguleringsplan.

Klagen innebar at ved utbygging av vedteken reguleringsplan vil næringa på gbnr. 1/250 verte negativt påverka. Trafikk gjennom gbnr. 1/250 vil ta beslag på parkeringsareal som er tilknytt næringa, samt vanskeleggjere lasting og lossing med større lastebilar.

Planendringa er i sin heilheit gjennomgått i planomtalen kap. 7.6.

Planprosess

Forslag til planendring har vore ute på ei begrensa høyring til grunneigarar, naboar og offentleg mynde. Det er motteken 2 merknadar på saka frå statens vegvesen, og 1 merknad frå ein privatperson.

Merknadane er svart ut i merknadsskjema, som ligg vedlagt.

Vurdering

Kommunen vurderer det slik at endringane ikkje vil ha noko verknad for gjennomføringa av planen for øvrig, at dei ikkje vil gå utover hovudråmene i planen, og at dei ikkje vil råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Kommunen vurderer at endringane er så små at dei fell inn under planendingar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. pbl. § 12-14, og Alver kommune sitt gjeldande delegeringsreglement. Kommunen har

vurdert den innkomne søknaden og kan ikkje sjå at endringane vil medføre ulemper for naboar i og utanfor planområdet.

Om klage og verknad av plan

Vedtaket om godkjenning kan klagast på av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. Plan og bygningslova § 12-12 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa, jf. Forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Alver kommune si plan og byggesaks avdeling ved følgjande adressat:

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller som e-post til post@alver.kommune.no

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jf. Plan- og bygningslova § 12-4. Det vert og vist til plan- og bygningslova §§ 15-2 og 15-3 om krav til innløyising og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Forvaltningslova § 27 bokstav b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1. Plankart 08.11.2022
2. Føresegner 08.11.2022
3. Planomtale 07.01.2022
4. Merknadsskjema_Mindre reguleringsendring
5. Uttaler kombinert
6. D001
7. D002
8. F001
9. F002

Mottakarar:

ANVE REIDAR KROSSNES	FLATØYVEGEN 10	5918	FREKHAUG
BARBRO WIIG SULEBAKK	GRØNLANDSVEGEN 20	5918	FREKHAUG
Bkk Nett	Postboks 7050	5020	BERGEN
JOHAN ALBERT SUDMANN	FLATØYVEGEN 34	5918	FREKHAUG
KJELLFRID MARIE SUDMANN	FLATØYVEGEN 34	5918	FREKHAUG
KURT MAGNE SOLBERG	SOLBERGET 49	5918	FREKHAUG
MARTA MALENA KROSSNES	KROSSNESET 2	5918	FREKHAUG
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
STEINAR HANSEN	FLATØYVEGEN 16	5918	FREKHAUG
SVEIN MAGNE KROSSNES	FLATØYVEGEN 85	5918	FREKHAUG
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
ØYSTEIN SULEBAKK	GRØNLANDSVEGEN 20	5918	FREKHAUG